



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kultur- og sørvistorget	Bente Kopperdal Hervik
Arkivnr.:	18/36	Dokumentnr.: 18/15608

Søknad om støtte til deltaking i Brass in Concert i Newcastle

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Manger musikklag søker om kr 20 000 i reisestøtte til deltaking i Brass in Concert i Newcastle 16.-19. november. Brass in Concert er ein programkonkurranse for hovudsakeleg britiske brassband med fokus på nyskaping og underhalding. I år har Manger Musikklag vorte invitert som eit av få utenlandske brassband i denne konkurransen. Budsjettet for turen er ca. kr 230 000.

Vurdering

Å delta på konsertar og konkurransar i utlandet er viktig for utvikla og oppretthalda det musikalske nivået i korpset, men det er kostnadskrevjande å reisa på slike turar både for korpset og kvar einskild musikant. Denne turen kostar kring 4000 kroner per medlem, og i tillegg må turen finansierast med mellom anna dugnad.

Rådmannen vurderer søknaden etter retningslinene for kulturmidlar i Radøy kommune.

Retningslinene seier at tilskot kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune, og aktivitets- og prosjektstøtte kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt. Søknaden fell dermed inn under kriteria for kva som kan støttast.

I følgje retningslinene skal tiltak som gjeld born og unge og menneske med nedsett funksjonsevne prioriterast. Manger musikklag har få medlemmer under 20 år. Søknaden må også sjåast i lys av at Manger skulemusikklag i 2017 fekk 15 000 kroner i støtte til si EM-deltaking. Manger skulemusikklag hadde på det tidspunktet 46 medlemmer under 20 år som alle var busette i kommunen. I tillegg har eit skulekorps behov for eit større støtteapparat av foreldre og føresette med på turen.

Manger musikklag i 2017 fekk 10 000 kroner til deltaking i WMC. Rådmannen meiner at det er naturleg at kommunen bidrar med støtte på same nivå som sist og foreslår at Manger musikklag får kr 10 000 i støtte til deltakinga i Brass in Concert.

Saka har vore til uttale hjå Radøy musikkråd. Dei meiner Manger musikklag bør få kr 20 000 i støtte frå kommunen til deltakinga i Brass in Concert. Dei argumenterer med at konsertar og konkurransar i utlandet er viktig for utvikle det musikalske nivået og behalda det gode renomméet internasjonalt.

Konklusjon

Rådmannen meiner at det er naturleg at kommunen bidrar med støtte på same nivå som då dei deltok i WMC i 2017 og foreslår at Manger musikklag får kr 10 000 i støtte til deltakinga i WMC.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Manger musikklag får kr 10 000 i støtte til deltaking i Brass in Concert 19.-21. oktober 2018.

Vedlagte saksdokument:

Søknad om reisestøtte - BiC	125109	25.10.2018
Søknad - BiC 2018 - Manger Musikklag	125110	25.10.2018
BiC-MML-2018	125111	25.10.2018
Uttale frå Radøy musikkråd	127910	25.10.2018